# VEDTEKTER FOR HÅELVA ELVEEIGARLAG

§ 1 Laget er oppretta i henhold til bestemmelsene i Forskrift om pliktig organisering og drift av vassdrag med anadrome laksefisk og skal ivareta de lovpålagte forvaltningsoppgåvene gitt i Laks- og innlandsfiskeloven med tilhørande forskrifter. Laget skal forvalte fiskeressursane vassdraget, til beste for medlemmene innanfor rammene av ein berekraftig ressursforvaltning.

Laget skal vera felles kontaktledd mellom lagets medlemmer og offentlige myndigheiter.
Laget har ikkje erverv til formål og det enkelte medlem disponerer sjøl egen fiskerett eventuelt i samarbeid med andre medlemmer.
All formidling av fiske foregår uavhengig av laget.

§ 2 Medlemer av laget kan dei vera som:
a) eig grunn langs elva eller bielvar der det går laks eller sjøaure.
b) eig fiskerett i elva.
Dersom ein fiskerettshavar ikkje møter sjøl, kan denne la seg representere av ein annen ved framlegging av skriftlig fullmakt. Ingen kan møte med meir enn to fullmakter. Ektefelle eller samboar kan møte og stemme uten særskilt fullmakt.

§ 3 Laget er et sjølveigande og ein frittståande juridisk person med upersonlig og begrensa ansvar for gjeld.
Laget har ikkje anledning til å finansiere drift eller tiltak gjennom opptak av lån eller tilsvarande finansieringstiltak, med mindre dette skjer gjennom at medlemmene frivillig forskottere utgifter mot seinare fratrekk i skyldig forvaltningsavgift.

§ 4 Det er alle medlemer si plikt å sjå til at fisket føregår på rett måte til rett tid. Ulovlegheiter skal varslast til fiskeoppsynet, styret eller politi.

Styret skal bestå av 6 personar, 3 frå Hå, og 3 frå Time kommune, og vert valde for 3 år om gongen. Det skal veljast I eller 2 varamenn frå kvar kommune for eit år om gongen. Styret vel sjølv formann, nestformann skrivar og kasserar. Kvart år går ein frå kvar kommune ut or styret. Årsmøtet skal velja i eller 2 revisorar. Det skal førast møtebok. For at. eit styrevedtak skal vera gyldig må minst 4 styremedlemer eller varamenn vera ti! stades. Formannen si røyst er avgjerande ved likt røystetal, både i styret og i årsmøte.

§ 6 Styret har rådvelde over laget sine midlar, og kasseraren skal føra rekneskap. Styret skal vera laget sitt talerøyr, og gjera dei vedtak som det finn turvande. Det er styret si plikt å gjera mest mogleg for å fremja laget sitt føremål. Styret er vedtaksdyktig når minst fire styremedlemmer eller deira varamedlemmer møter. I situasjonar der det er likt stemmetal i styret, har leideren dobbeltstemme.
*Etter retningslinjer frå årsmøtet skal styret blant anna:*
1. Arrangere årsmøte, avgi årsmelding med rekneskap for forrige år og utarbeide budsjettforslag og arbeidsplan for inneverande år.
2. Arbeide for ein rasjonell drift av laget i samsvar med formålsparagrafen
3. Utarbeide forslag til:
   - driftsplan for fisk i tråd med vedtak i årsmøtet
   - fiskeregler, fiskekultivering, oppsyn og fangstregistrering
   - justerte andeler kvart 10. år, evt. etter 3 år
   - årsavgift og evt. forskudd
   - aktuelle komitear og utval
4. Administrere innkrevjing av årsavgift, og sørge for at alle medlemmene retter seg etter regler vedtatt på årsmøtet.
5. Sørge for at laget eventuelt blir registrert i de offentlige register som loven krev eller som anses hensiktsmessig
6. Sørge for at alle nødvendige, offentlige tillatelser blir innhenta for gjennomføring av driftsplan eller andre tiltak i vassdraget.
7. Samle inn statistikk over oppfiska kvantum, og ha ansvar for overvaking av laksestammen av vassdraget.
8. Ajourføre medlems- og adresselister
9. Arbeide for at elva fiskeressursar blir utnytta i tråd med årsmøtes vedtak.
10. Varsle Miljødir. via Fylkesmannen om manglende fangstrapportering eller fellesforvaltningens bestemmelser om fisket.
11. Ut over dette framlegger styret forslag til årsmøtet jmf. §5 eller på ege initiativ.

§7 Årsmøte skal haldast kvart år i februar. Styret kallar inn til årsmøte på den måten som høver best, og minst 7 dagar i førevegen. Årsmøtet skal handsama styret si årsmelding og rekneskap, føreta dei vanlege val, og ta avgjerd i andre saker styret legg fram. Styret kan kalle inn til ekstraordinært årsmøte, og då med same varsel som for årsmøte.
Saker som medlemer vil ha fram på årsmøtet, må sendast skriftlege til styret innan 15/1. Avgjerder vert tekne med vanleg fleirtal når ikkje noko anna er fastsett. Det skal førast møtebok og veljast 2 medlemer til å skriva under denne.

§ 8 Laget bør vera medlem av Norske Lakselver.

§ 9 Til vedtektsendring kravst minst 2/3 fleirtal av dei som er til stades på årsmøtet. Skal laget løysast opp, må dette gjerast på omframt årsmøte, etter først å ha vore handsama på vanleg årsmøte. 1/3 av medlemmene må møte, og 2/3 av desse må då røyste for framlegget.

§ 10 Laget skal finansiere drift og tiltak ved at det blir søkt om offentlige tilskot og ved at medlemmene betaler årsavgift. Purregebyr kan pålegges etter statens satsar. Styret har fullmakt til å tvangsinndrive ubetalt årsavgift jf. lovens § 25 åttene ledd. For eigendommar som ligger i sameige, fordeles utgiftene mellom de sameigeberettiga i like store deler dersom ikkje ein annen fordeling er skriftlig innberetta til laget. Årsavgift pr. andel blir fastsett på årsmøtet. (Medlemmer som kan sannsynleggjere overfor laget at de ikkje har muligheit for fangst, skal fritakast frå årsavgift.) Årsavgift på under 500 kr kan innkrevjast for tre år av gangen.